



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 29.01.2018
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Pernille Tufteland	Leiar	
Arvid Ole Refvik	Nestleiar	
Trude Miland Helland	Medlem	
Torunn Johansen	Medlem	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Marianne Ytrearne	Sekretær

Eva Pernille Tufteland
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling	
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.12.17.	
PS 3/18	Godkjenning av saksliste	
PS 4/18	Godkjenning av møteplanen	
PS 5/18	Orienteringssaker	
PS 6/18	Årsmelding for 2017	
PS 7/18	Handlingsplan for eldrerådet	
PS 8/18	Ymse	

PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkalling til møtet 29.01.18.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Eldrerådet gjennomgikk innkallingen til dagens møte og godkjenner denne.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkallingen til dagens møte.

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.12.17.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møte 04.12.2017.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 04.12.17.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner protokollen frå møtet 04.12.17.

PS 3/18 Godkjenning av saksliste

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteplanen.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Eldrerådet godkjenner sakslista for møtet.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner sakslista.

PS 4/18 Godkjenning av møteplanen**Framlegg til vedtak:**

Eldrerådet godkjenner møteplanen.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Eldrerådet godkjenner møteplanen, men ynskjer at klokkeslett blir ført opp. Neste møtepunkt for eldrerådet er 09.01.18 og 28.01.18.

Vedtak:

Sekretær melder fra til administrasjonen om at eldrerådet ynskjer at det skal stå starttidspunkt, kl. 11.00, for eldrerådsmøta på møteplanen.

PS 5/18 Orienteringssaker**Framlegg til vedtak:**

Eldrerådet tek orienteringssakene til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Orienteringsaker:

- a. Seniorsenteret: Leiar Eva Pernille Tufteland leste opp vedtektene for seniorsenteret. Fordeling av oppgåvene i seniorsenteret, seniorsenteret må delegere oppgåvene. Eldrerådet er medansvarlig for seniorsenteret og vil fylgja opp.
- b. Legesituasjonen: Helse- og sosialsjef Anne Økland informerte.
- c. Apotek: Leiar Eva Pernille tek kontakt med apotekkjedene for å få apotek i Fitjar
- d. Status på om bygging av sjukeheimen: Helse- og sosialsjef Anne Økland informerte.
- e. Eldredagen:
Dato for Eldredagen blir 03.10.18. Skulen må kontaktast for endelig dato.
Forslag til program/underhaldning:
Kulturskulen opnar med underhaldning.
Hypokonderlegen Ingvard Wilhelmsen blei foreslått som talar, hvis ikkje han har anledning, vil eldrerådet spørre Olav Johannes Oma og Elisabeth Oma.
- f. Referat frå fylkeseldrerådet 11.01.18.
- g. Møte for eldreråda i Sunnhordland på Tysnes.
- h. Verbale føringar i budsjett 2018: Reduksjon i heimetenestene. Helse- og sosialsjef Anne Økland informerte.

Vedtak:

Seniorsenteret: Leiar Eva Pernille Tufteland leste opp vedtektene for seniorsenteret. Fordeling av oppgåvene i seniorsenteret, seniorsenteret må delegere oppgåvene. Eldrerådet er medansvarlig for seniorsenteret og vil fylgja opp.

Eldrerådet tek orienteringsakene b, d, f og g til vitande.

Leiar Eva Pernille Tufteland skriver brev til apotekskjedene angående etablering av apotek i Fitjar.

Eldrerådet ynskjer å få følge utbygging av sjukeheimen og å få vera med på ei synfaring.

Verbale føringar i budsjett 2018: Reduksjon i heimetenestene.

Eldrerådet er uroa over forslag om nedkjæringar i heimetenestene. Fleire eldre må no bu heime lenger, då det vert mindre institusjonsplassar under ombygginga på Fitjar bu- og behandlingssenter. Eldrerådet ber om at det vert sett på andre muligheter på innsparingar, då det no er naudsynt med styrkning og ikkje innsparing av heimetenestene.

PS 6/18 Årsmelding for 2017**Framlegg til vedtak:**

Eldrerådet tek årsmelding til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Leiar Eva Pernille Tufteland leste opp årsmelding 2017 for eldrerådet.

Vedtak:

Eldrerådet tek årsmeldinga til vitande.

PS 7/18 Handlingsplan for eldrerådet**Framlegg til vedtak:**

Eldrerådet set opp handlingsplan.

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Eldrerådet skal ha ein handlingsplan over kva dei vil jobba med framover. Dei vil jobba for fleire bustader for eldre i Fitjar, betre busstilbod og trivselstiltak.

Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 8/18 Ymse**Framlegg til vedtak:**

Behandling i Eldrerådet - 29.01.2018:

Representanten Grete Marit Veka Maraas tok opp trivselstiltak for eldre på sjukeheim. Kan det blir laga ein oversikt på kva som er av trivselstiltak på FBB og Havnauset? Status på arbeidsgruppa, Leiar Eva Pernille Tufteland opplyser at arbeidsgruppa ikkje er komen i gong.

Trivselstiltak for einsame heimebuande eldre: Er det mogleg å få i gang trivselstiltak for einsame heimebuande i samarbeid med Frivilligsentralen.

Representanten Grete Marit Veka Maraas opplyser om at det mogeleg vil koma opp spørsmål angående den verbale føringen angående brukerutval, dette var ikkje vedteke i budsjettet, men det er ynskjeleg å ta opp spørsmålet igjen i Utval for oppvekst og omsorg. Eldrerådet diskuterte saka.

Representanten Grete Marit Veka Maraas nemner også at det er ynskja eit alternativ til sangstunda som tidlegare var på kafé Annemor. Ho jobbar med å få kobla sangstunda opp mot både seniorsenteret, Fitjar bu- og behandlingssenter og Frivilligsentralen.

Ho har også vore i kontakt med fleire som har sagt seg villig til å vera med å spela og synga, og ventar også svar frå nokon som kan vere med å arrangere sangstunda.

Kjem tilbake med meir informasjon i neste møte.

Representanten Grete Marit Veka Maraas opplyser om at heisen på Fitjar kultur- og idrettsbygg er no fiksa.

Medlem Torunn Johansen legg fram forslag om ei brosjyre om eldrerådet i Fitjar. Ei brosjyre som inneheld informasjon om eldrerådet og kva dei jobbar med.

Den Kulturelle spaserstokken: Den kulturelle spaserstokken blir orientert om i neste møte 9.april 2018.

Eldrerådet ynskjer at varamedlemmene Inga Skumsnes, Trygve Eiken og Ole Haukeland får kopi av innkallingar og protokoller.

Det var også ynskje om at det på møteinnkallinga var notert : Møta er opne for alle.

Vedtak: